



Birthe Molvik Borge  
DAVANGERVEGEN 315  
5310 HAUGLANDSHELLA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1263 - 22/44335

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
10.06.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 357/42 Sætre**

Tiltak: Dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 357/42  
Tiltakshavar: Birthe Molvik Borge  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.02.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er avklart per telefon at tiltakshavar ynskjer at søknad om tiltak skal handsamast. Det er føreløpig berre sendt inn søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot sjø. For søknad om tiltak er det naudsynt med ytterlegare informasjon.

Søknad må supplerast med informasjon om dei enkelte tiltak som er omsøkt.

#### Søknad om terrasse

Det må sendast inn mål i lengd for terrassar vist som bokstav B og F. Desse må visast på teikning og/eller kart.

Det er vidare naudsynt med teikningar som syner terrasse si plassering i høve til eksisterande terreng. Teikning må syne høgd på terrasse.

#### Søknad om anneks

Det er i dispensasjonssøknad vist til at det søkjast om etablering av anneks. På vedlagt planteikning er det jamvel vist til at areal skal nyttast som bod.

Ber om ei tilbakemelding på om det søkjast om anneks. Vidare trengst det avklaring på om anneks skal nyttast som rom for varig opphald.

Dersom areal skal nyttast til anna føremål enn bod, må det sendast inn oppdaterte planteikningar som syner bruken til bygget.

Vedlagte teikningar av anneks må vidare oppdaterast med mål ytre mål på tiltak.

Dersom det er søkt om bod, og ikkje anneks, er det mogeleg at tiltak vil kunne vere fritatt frå søknadsplikt. Dette er avhengig av storleik på bygg, samt bruk av bygg. Sjå meir om dette i pbl.§20-4, samt SAK10 §3-1 og SAK10 §4-1.

Dersom det skal byggast anneks som skal nyttast som rom for varig opphald er det krav om at ein brukar ansvarleg søkjar, ettersom slikt tiltak er søknadspliktig etter pbl.§20-3.

#### Søknad om basseng

Søknad om basseng krev utsleppsløyve etter forureiningslova. Slikt utsleppsløyve må søkjast til Alver kommune ved avdeling for miljø- og tilsyn. Vi kan ikkje gje løyve til tiltak etter plan- og bygningslova før slikt løyve ligg føre. Søknad må supplerast med utsleppsløyve.

Dette inneber at byggesak vil bli sett på vent fram til slikt løyve ligg føre. Alternativt kan dispensasjon avklarast isolert i denne omgang, før ein søkjer om tiltak i etterkant av denne.

#### Søknad om reiskapsbod og hagedrivhus

Kommunen har ikkje tatt stilling til om desse tiltaka vil vere søknadspliktige. Syner generelt til SAK10 §4-1 bokstav a) som frittek visse frittstående bygg frå søknadsplikt. Dersom dykk ynskjer handsaming av reiskapsbod og hagedrivhus som tiltak må det sendast inn teikning som syner det konkrete tiltak. Teikning må syne plan, snitt og fasade og vere målsett med ytre mål, samt informasjon om bruksareal (BRA) og bygd areal (BYA) for det enkelte tiltak.

Minner om at handsaming av tiltak vil medføre gebyr.

2. Det kan med fordel nyttast søknadsskjema for tiltaka.

Syner på generell basis til at nokre av tiltaka kan vere unntatt krav om søknadsplikt. For informasjon om søknadsplikt, sjå særleg byggesaksforskrifta (SAK10) §4-1:  
<https://dibk.no/regelverk/sak/2/4/4-1/>

Tiltaka vil uavhengig av søknadsplikt vere avhengig av dispensasjon. Denne vil bli vurdert for tiltaka uavhengig av om dykk søkjer å få desse handsama.

Dersom dykk likevel ynskjer å få behandla tiltak som kan vere fritatt søknadsplikt må det sendast inn naudsynt dokumentasjon for slik handsaming.

3. Det må leggjast med informasjon om bruksareal (BRA) og bygd areal (BYA) for dei enkelte tiltak, samt ei samla utrekning av BRA og BYA for eigedom.
4. Syner på generell basis til at det enkelte tiltak vil bli fakturert uavhengig av resultat på søknad om dispensasjon. Dersom dykk ynskjer å avklare dispensasjon før søknad om tiltak med omsyn til dette, kan dykk gje tilbakemelding om dette så vil søknad om dispensasjon bli tatt til vidare oppfølging.

Det er vidare viktig at dykk presiserer kva tiltak dykk vil ha handsama, og kva tiltak dykk eventuelt ikkje vil ha til handsaming.

Sjå her for gebyrregulativ til Alver kommune:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/gebyr/>

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **08.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Birthe Molvik Borge  
Frank Borge

DAVANGERVEGEN 315  
DAVANGERVEGEN 315

5310  
5310

HAUGLANDSHELLA  
HAUGLANDSHELLA